



Øving med Frank Brodahl, men no ventar meir kunnskap...(Foto: Thor Inge Døssland)

Då påmeldingsfristen til musikkmarkurs gjekk ut 15.april, hadde heile 8 av medlemmene i Uskedalen skulemusikk sendt inn påmelding. Dette er ei dobling frå i fjor.

Fristen var tidleg. Derfor kunne det vera vanskeleg å bestemma seg for einskilde dersom familien sine ferieplanar ikkje var heilt klare. No er det sett ny frist til 9. mai, og dermed er det framleis mogeleg å melda seg på desse populære kursa.

Alle uskedelingane har meldt seg på kurs på Lundeneset vidaregåande skule i Ølensvåg. Dette er blitt ein svært populær kursplass, men så ligg også alt godt til rette. Fin bade plass, sandvolleyballbane og kunstgrasbane gjev gode muligheter til utandørsaktivitetar. Bygningsmassen er godt tilpassa både dei musikalske og dei andre sosiale aktivitetane. Alt vert så godt organisert og ivareteke på desse kursa.

Uskedelingane som skal på kurs er Birgitte Hjelmeland, Ingvill T. Sture, Kristine Ludvigsen og Vegard Døssland, alle på blått kurs, Jostein Bauge, Sindre Aksnes og Kaja Døssland på rødt kurs og Bente Halvorsen på gult kurs. Mest alle har vore på sommarkurs tidlegare. Mange av dei har gjort avtale med venner frå andre korps om å bu på rom saman. Dette viser noko om kor viktig den sosiale sida er ved desse kursa.

Elles er det gledeleg at det er om lag like mange påmelde frå det gode samarbeidskorpset vårt, Rosendal skulekorps.

Dersom det skulle vera endå fleire som ønskjer å reisa på sommarkurs, kan dei berre ta kontakt med Thor Inge Døssland (53 48 65 75/ 93 28 82 37). Han vil då ordna med påmelding innan fristen 9.mai.